
From: Lisbeth Nervik <Lisbeth.Nervik@mrfylke.no>
Sent: fredag 4. september 2020 20:32:14
To: Postmottak Herøy
Cc: Andreas Chr. Nørve
Subject: Ang. spørsmål om dialog knytt til dekking av finansieringsutgifter til Fosnavåg hamn - sak 19/14613 20/10182

Til Herøy kommune

Viser til brev frå Herøy kommune datert 24.08.2020 ang. spørsmål om dialog knytt til dekking av finansieringsutgifter til Fosnavåg hamn.

Møre og Romsdal fylkeskommune er positive til ein dialog med Herøy kommune om finansieringsutgiftene knytt til utdjupingsprosjektet ved Fosnavåg hamn i regi av vår rolle som næringsutviklar. Vi ønskjer også å kople på våre rådgivarar på vassforvaltning.

Møre og Romsdal fylkeskommune er tildelt forvaltingsansvaret for fiskerihamneanlegga frå 1. januar 2020 etter regionreforma. Fylkeskommunen har derimot ikkje formelt overteke ansvaret, og er i forhandlingar med departementet om overføringane som skal følgje med ansvaret for hamnene. Dette betyr at fylkeskommunen per dags dato ikkje har midlar som er øyremerka til fiskerihamn prosjekt. Vi ser det likevel som verdifullt å ha ein dialog med kommunane for å få ei forståing av kva som ligg i prosjektet i Fosnavåg hamn, og korleis dette ivaretek behova til fiskerinæringa.

Sidan vi veit at det er vanskeleg å finne eit tidspunkt for eit møte vil vi føreslå eit videomøte onsdag 16. september før kl. 12 eller etter kl. 13, torsdag 17. september etter kl. 12 eller fredag 18. september. Fredag har vi foreløpig moglegheit heile dagen.

Helsing Lisbeth

Lisbeth Nervik
Rådgivar fiskeri og havbruk
Regional- og næringsavdelinga
Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf. 71 28 00 00 / 71 28 02 15
lisbeth.nervik@mrfylke.no
mrfylke.no

